



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.11.2012  
Vår ref.: 2012/7541  
Arkivnr.: 433.6

Direktoratet for naturforvaltning  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 Trondheim

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00  
F: 51 56 88 11  
E: postmottak@fmro.no

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høring av framlegg til forskrift og faggrunnlag for kystlynghei som utvald naturtype

**Fylkesmannen i Rogaland stør framlegget om kystlynghei som utvald naturtype. Husdyrfylket Rogaland har, trass i omfattande oppdyrking, oppgjødsling, tidlegare skogplanting og nedbygging, etter måten store areal med ekstensivt utmarksbeite i låglandet der kystlynghei er den viktigaste kulturmarkstypen, med eit særprega plante- og dyreliv med fleire raudlisteartar.**

**Tilskot til tilpassa drift i landbruket i samsvar med frivillige skjøtselsplanar er hovudnøkkelen for å ta vare på naturtypen. Her er det behov for vesentleg auka midlar. Arbeidet med rådgjeving, fordeling og kontroll av slike tilskot er omfattande og treng utvida saksbehandlarressursar. Men det trengst og regelverk som gjer at andre samfunnsinteresser må tilpassa seg dei store verdiane som landbruket her er med å skapa. Status som utvald naturtype stiller vesentleg skjerpa krav til oppdaterte kart- og eigenskapsdata. Dette vil krevja både midlar til å kjøpa kartleggingstenester og saksbehandlarressursar til kvalitetssikring. Dette behovet er særleg stort i Rogaland med det største kartlagde kystlyngheiarealet.**

**Fylkesmannen har i samanheng med høyringsframlegget funne grunn til å oppsummera stoda for naturtypen og erfaringane med å ta vare på denne så langt. Høyringsfråsegna har derfor med stoff som ikkje er direkte knytt til høyringsdokumenta. Dei mest konkrete innspela til høyringsdokumentet står under pkt B, medan pkt C gjev viktig bakgrunnsinformasjon for innspela.**

## A. Konflikt mellom ulike overordna, statlege mål

Fylkesmannen opplever for tida store og dels tunge konfliktrar i arealdisponeringa i fylket mellom ulike statlege mål. Konflikt mellom næringsutvikling/bustadbygging, berekraftig transportpolitikk og jordvern har vore sentralt i fleire tiår. I seinare tid har konflikt mellom mål om å ta vare på kystlynghei og mål om meir vindkraftutbygging blitt tydelig. Og andre sider ved klimapolitikken som planting av klimaskog kan vere utfordrande. Matfylket Rogaland ønskjer og å fylgja opp det statlege målet om å produsera meir mat. Jordbruket intensiverast i delar av fylket og aukar presset på nydyrking og oppgjødsling av utmark.

Det er lite rasjonelt at desse målkonfliktane skal dominera eit stort tal enkeltsaker til stort meirarbeid på både kommune, fylke, - og sentralt nivå. Fylkesmannen peikar derfor på at det er viktig med gode avklaringar mellom måla i viktige prinsippaker på overordna nivå og utvikling av gode planverktøy på regionalt nivå. Fylkesmannen har brukt mykje tid på å vera med å utvikla eit slikt verktøy som er velegna til å balansera konflikten mellom å ta vare på kystlynghei og vindkraftutbygging. Det vil vera demotiverande å bruka tid på slike planverktøy dersom det ikkje blir lagt avgjerande vekt på avvegiane som er gjort her ved sentral avklaring av viktige prinsippaker.

## B. Forskrift, verknader som utvald naturtype og handlingsplan

### B.1 Vurderingar av endring av forskrift

Det er særst viktig at det er tydelig kva areal som vil bli omfatta av forskrifta. Definisjonen av kystlynghei i forskrifta er ikkje dekkande for å fanga opp den økologiske og regionale variasjonen i naturtypen. Det går fram av "Håndbok 13", "Vegetasjonstyper i Noreg" og faggrunlaget s.77-78 at fleire utformingar av fukthei der "lyng og dvergbusker" ikkje dominerer høyrer til naturtypen kystlynghei. Vi viser elles til pkt 3.1.2. Vi gjer framlegg om fylgjande definisjon: "*Med kystlynghei menes åpne, heipregete og trebare områder i lavlandet dominert av dvergbusker og andre nøysomme, beitetålende heiarter formet gjennom langvarig hevd gjennom beiting, brenning og utmarksslått og som oppfyller kriteriene for å bli klassifisert som "svært viktige" (A-lokalitet) og "viktige" (B-lokalitet) av Direktoratet for naturforvaltning*". Det har vore praksis å kartlegga tidlige attgroingsstadium som rimeleg enkelt kan tilbakeførast om ein innfører rett skjøtsel som kystlynghei, sjølv om det er eit mindre innslag av buskar og tre. Vi legg til grunn at "Håndbok 13" vert revidert i tråd med definisjon av kystlynghei i forskrifta.

### B.2 Juridisk, administrativ og økonomisk vurdering

#### B.2.1 Skjøtsel

**Stimulering til frivillige skjøtelsopplegg og tilpassa drift i samsvar med skjøtelsplanar må vera ryggrada i arbeidet med å ta vare på kystlynghei. For å sirka desse resultata, trengs det eit regelverk som hindrar eller motverkar arealbruksendringar og inngrep som skar kystlyngheia.**

For å ta vare på menneskeskapte, skjøtelsavhengige naturtypar, vil vi i all hovudsak vera avhengig av frivillige avtalar og økonomisk stimulering. Bakgrunnen for dette er at ein ikkje kan pålegga ein

brukar/eigar å driva ein skjøtsel han ikkje ønskjer. Dette gjeld og i verna område. Ein kan forby inngrep, men ikkje påby ei bestemt drift. Alternativet til dette er at staten eig og driv eller har god tilgang på brukarar som vil driva på bestemte vilkår. Staten eig eit par viktige kystlyngheiområde. Vi er kritiske til å selja desse til private for etterpå å leggja sterke band på bruken. Desse kan vera nyttige for å få innverknad på bruken av tilgrensande, verdifulle areal. Men hovudstrategien vil likevel vera stimulering gjennom tilskot til skjøtsel og tilpassa drift på private landbrukseigedomar. Verdien av dette arbeidet vil lett kunna bli redusert om ein ikkje har verkemiddel til å påverka annan arealbruk som vil redusera denne, t.d. energiltak. Vi håpar at statusen som UN vil ha ein slik verknad.

## **B.2.2 Meldeplikt og kunngjeringsplikt**

**Vi er spørjande til om meldeplikt aleine vil vere eit godt nok verktøy for å hindra uønska inngrep i naturtypen. I Rogaland gjeld dette særleg oppgjødsling av utmark. Det bør innførast ein godkjenningsordning for oppgjødsling av nye areal, evt. ved ei utviding av nydyrkingsforskrifta.**

Det vil vera meldeplikt for alle tiltak ”som berører forekomster av utvalgte naturtyper og som ikke krever tillatelse”. Typiske tiltak kan vera oppgjødsling av utmark definert som kystlynghei eller tilplanting med skog. Kommunen sitt vedtak er å sjå på som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Frist for kommunane til å gi tilbakemelding på skogbrukstiltak og jordbrukstiltak vil vere tre veker frå dei fikk meldinga. Der kommunane gir løyve må vedtaket gjerast kjend i minst ei avis jamfør plikt om kunngjerings § 56 i Naturmangfaldlova. Godkjende miljøplanar som kjem i omgrep med tiltak i kystlyngheia er og omfatta av kunngjeringsplikta.

Meldeplikta vil vera eit viktig nytt verkemiddel som gir kommunen høve til å fremja alternativ til uheldige tiltak og å nekta eit tiltak heilt eller delvis. Det vil medføra meirarbeid for kommunane, og det er behov for rettleiing i korleis dette skal handterast. Særleg gjeld dette handtering av godkjende miljøplanar. Vi legg til grunn at kunngjeringsplikta berre gjeld miljøplanar som opnar for drift i konflikt med det å ta vare på naturtypen. Dette vil vera i samsvar med rettleiaren som slår fast (s. 19) at meldeplikta ikkje gjeld tiltak som etter handlingsplanen er positive for naturtypen. Om kunngjeringsplikta også skal gjelda godkjende miljøplanar (trinn 2) i søknad om støtte til kystlynghei i RMP vil det skapa mykje unødvendig byråkrati. Informasjon ut til grunneigarar vil vera essensielt, samt rettleiing på korleis brot på meldeplikta skal handterast.

Etter det vi kan sjå, kan tiltakshavar gjennomføra tiltaket dersom positiv skriftleg tilbakemelding frå kommunen ligg føre slik at klage eller omgjerings ikkje får innverknad på tiltaket. Etter vår vurdering er det grunn til å tvila på om behandling etter §55, klage etter §56 og evt. omgjerings etter §67 vil vera eigna til å forsvara den utvald naturtypen mot oppgjødsling i eit større tal saker ein må venta i eit fylke som Rogaland.

Fylkesmannen meiner derfor at det bør innførast ein godkjenningsordning for oppgjødsling av nye areal, evt. ved ei utviding av nydyrkingsforskrifta, ut frå at den økologiske verknaden av slik oppgjødsling kan samanliknast med verknaden av fulldyrking. Fylkesmannen gjekk også inn for dette ved innføring av nydyrkingsforskrifta.

## **B.2.3 Klage**

**Saksgangen for klager er utydeleg. Vidare er det utydeleg i kor stor grad Fylkesmannen kan vere involvert før klagesaker må oversendast overordna styresmakt.**

Rettleiaren ”Veileder til forskrift om utvalgte naturtyper” omtaler at klager skal handsamast av overordna miljømynde som ikkje har vore involvert i prosessen. Jamfør § 56 andre ledd i naturmangfaldlova skal overordna miljømynde ha høve til å uttala seg til klagen. Normal saksgang vil vera at kommunen gjer eit vedtak, Fylkesmannen gir uttale og klagen vert handsama av Direktoratet for naturforvaltning. Der fylkesmannen ikkje har vore involvert i prosessen vil han vere klageinstans. Vi ber om at grensene for grad av involvering før Fylkesmannen ikkje kan handsama klagen vert tydeleg.

For tiltak som normalt ikkje krev løyve etter skoglova eller jordlova, men kor det no blir innført meldeplikt omtaler rettleiaren at klage over løyve eller avslag på løyve til jordbrukstiltak skal gå til Landbruks- og matdepartementet som igjen kan delegera til Statens landbruksforvaltning. Kommunane kan ikkje tillata oppgjødsling av utmark etter jordlova. Det er difor forvirrende at rettleiaren peikar på at desse sakane skal handterast etter same system som jordlovsaker. Det må vera tydeleg kven som har klagerett, særleg i saker som gjeld oppgjødsling.

## B.2.4 Oversikt over negative vedtak

**Vi ser det som svært utfordrande å kunna halda oversikt over vedtak med negative konsekvensar for naturtypen. Per i dag er det ikkje gode nok verkty for å fanga desse opp, og vi spør om bruk av KOSTRA vil vera tilstrekkelig for å få ønska kvalitet. Vi ber om at objektive verktøy som t.d flyfoto og 3Q programmet vert vurdert.**

Kommunane er mottakar og er i mange tilfelle førsteinstans for gjennomføring av nasjonale overordna mål og satsingar. Det er til tider vanskeleg for kommunane å velja kva mål som bør få høgast prioritet når nasjonale mål til tider er motstridande. Difor er det viktig å styrka kommunane sin faglege evne og kapasitet slik at dei kan ta dei rette vala og fatta dei rette avgjerdene .

Dei årlege kommunale KOSTRA-rapporteringane kan ved gode kommunale rutinar for fortløpande registreringar og kvalitetssikring av tala, gi verdifull informasjon om strukturendringar i all arealbruk. Dersom arealendringane raskt vert digitalt kartfesta vil ein i tillegg til arealopplysningar, få ein god visuell oversikt over endringar som er til ulempe for verdifulle areal etter naturbasen. Dersom tala i KOSTRA ikkje er godt nok kvalitetssikra kan dette føra til at viktige avgjerder blir gjort på feil grunnlag.

## B.2.5 Økonomiske konsekvensar

### *Skogbruket*

**Heilt sidan standard om ”Levande skog” vart innført har tilplanting av skog på open røsslenghei ikkje vore tillate. I skogbruket er attgroingsareal heilt klart interessante i klimaskogsamanheng. Det er avgjerande at det er tydelig kva areal blir omfatta av forskrifta, og særleg gjeld det kor stor grad av attgroing areala kan ha før dei ikkje lengre er å sjå på som kystlenghei.**

Det er sterke føringar frå sentralt hald om å sjå skog i klimasamanheng, og vi viser til Klimameldinga og Kystskogmeldinga. I dette forholdet er attgroingsareala klart aktuelle. Levande Skog- standarden set krav til at tilplanting ikkje skal skje på open røsslenghei. Mange av områda som er kartlagt i dag, og som allereie er attgrodd vil gi stor verdiskaping om dei blir tilplanta. Det vil vera eit positivt bidrag i klimasamanheng. Som nemnt i innleiinga står vi her overfor motstridande nasjonale omsyn. Det er særst viktig for skogbruket at det er tydeleg kva areal som vil bli omfatta av forskrifta. Dei karta som er tilgjengelege viser at store flater er kartlagt både med

skog og med kystlynghei. Her er det nødvendig med rettleiing for korleis attgroingsareal skal tolkast. Definisjonen i forskrifta lyder: ”...med kystlynghei menes åpne, heipregede og trebare områder dominert av dvergbusker, først og fremst røsslyng”. I kartlegginga er det tatt omsyn til kva areal som nokolunde enkelt kan tilbakeførast dersom det blir innført rett skjøtsel. Differansen mellom det som står i forskrifta og arealet som er vist i Naturbasen vil gi rom for tolkingar og skilnadar i kommunane si sakshandsaming av enkeltsøknadar. Det må koma tydeleg fram kor store restriksjonar som kan leggest på grunneigar før det er å betrakte som vern som igjen gir grunnlag for erstatning til grunneigar. Skjøtsel av lyngområda som er avhengige av brenning vil gjera det naudsynt med tilstrekkeleg avstand mellom områda som skal brennast og annan skog for å hindra ukontrollert brann. Vi har så langt ikkje erfaring med korleis den nye forskrifta om framande bartre i skogbruket kan nyttast for å hindra tap av verdifull kystlynghei gjennom planting og korleis risikoen for framtidig frøspreiing skal vurderast og vektast i desse sakene.

### **Jordbruket**

**Sterkere prioritering av kystlynghei vil gjera det vanskelegare for landbruksføretak i desse områda å auka ressursgrunnlaget sitt. Det er ei innstramming som kan gjera føretaka mindre i stand til å møte krav om bruksrasjonalisering og meir effektiv drift. Det er viktig med god informasjon og dialog med jordbruket, og det må koma klart fram korleis meldeplikta skal praktiserast. RMP vil vera viktigaste verktøy for å stimulera til god skjøtsel av områda.**

For bønder som driv aktivt jordbruk vil kystlynghei vera både ein moglegheit og ei utfordring. Det er engasjement kring bruk av kystlynghei hjå mange grunneigarar. Økonomiske støtte gjennom RMP har gjort at fleire ser det økonomisk interessant å bruka lyngområda, og vi har opplevd at fleire bønder ønskjer å få sine område kartlagt for å koma inn under RMP- ordninga.

På den andre sida står jordbruket ovanfor auka krav til effektivitet. Dei som ønskjer å utvida drifta si med beitedyr treng meir beiteareal. Rogaland er i ei særstilling når det gjeld bruk av gjødsla beite. Om lag 30 % av alt innmarksbeite i Noreg er å finne i Rogaland. Beitesesongen er lang, og er svært viktig for fôrgrunnlaget. Fornuftig bruk av husdyrgjødsel på innmarksbeite sikrar gode avlingar, og er god bruk av lokale ressursar. Landbruksføretak som har areal med kartlagde prioriterte naturtypar vil kunna oppleve å ikkje få auka fôrgrunnlaget sitt. Det er ein tydeleg tendens i jordbruket at føretaka blir større for å oppretthalda lønsemda. Auke i kraftfôrkrevjande produksjonar har gjort at mange ikkje har nok spreieareal for husdyrgjødsla på eiga mark. Vi vil understreika at god mosaikk mellom innmarksbeite og kystlynghei er eit gjensidig gode jamfør punk om attgroing C. 1.4. Dette må vegast mot faren for fragmentering av kystlyngheia og at dei viktigaste delane av kystlyngheia blir gjødsla opp. Våre erfaringar med å bruke RMP er å lesa i C.1.5

### **Honningproduksjon**

Lyngområda er viktig for produksjon av lynghonningo. Cirka 200 birøktarar i Rogaland produserer lynghonning. Sør-Rogaland har eit reinavlsonråde for den brune bia.

#### **B.2.6 Vindkraft**

**Det er gitt konsesjon til vindkraftutbygging på store areal av den sterkt trua naturtypen kystlynghei i Rogaland, m.a. i mesteparten av det største kartlagde og ein av dei viktigaste kystlyngheiområda i landet. Status som utvald naturtype må føra til ei avgjerande endring på dette. Om ikkje det skjer, vil det svekka statusen til utvalde naturtypar og naturmangfaldlova.**

Omfattande vindkraftplanlegging i viktige kystlyngheiområde på Karmøy, Bak-Jæren og Dalane var medverkande til at Fylkesmannen var med å ta initiativ til å få utarbeidd ein fylkesdelplan/regionalplan som i vesentleg grad viser dei viktigaste kystlyngheiområda som nei-

område. Denne har så langt hatt liten innverknad på konsesjonsbehandlinga i NVE og klagebehandling i OED der vi meiner det også har vore alvorlege brot på saksbehandlingsreglane i Naturmangfaldlova. Dette vil kunna undergrava truverdnet til staten både når det gjeld arbeid med trua naturtypar, bruk av naturmangfaldlova og av regionalplanar. Vindkraft er nærare omtalt under pkt C1.4.

## B.3 Andre merknader til faggrunnlaget

### B.3.1 Kartlegging i Naturbasen

**Det trengst ein stor innsats med å heva kvaliteten på kartlagt kystlynghei i Naturbasen. Det gjeld mellom anna å ta ut område som er tekne i bruk til andre formål, fulldyrka, spreieareal eller elles sterkt gjødselpåverka eller så stert attgrodde at dei ikkje lenger er kystlynghei. Ein treng og å gå gjennom verdisetjinga ut frå endra raudlistestatus av artar, betra skjøtsel eller auka attgroing. Dessutan kjem endringar som kan fylgja av revidert Handbok 13.**

I åra mellom 2000 og 2005 hadde kommunane ansvar for å gjennomføra naturtypekartlegging i samsvar med Handbok 13 frå DN med eit statstilskot på 50 000 kvar. Frå 2006 har fylkesmannen fått løyvingar til tilleggskartlegging, oppdatering og kvalitetssikring av datasettet etter handbok 13 – 2. utgåve 2006 oppdatert 2007. Krava til innhald og kvalitet er vesentleg skjerpa. Det har alle år vore særlege føringar, som vedtekne og planlagde utvalde naturtypar og særlege arealbrukskonflikatar som vindkraft. Det har derfor ikkje vore råd å lyfta heile kommunar til eit akseptabelt nivå i ønskeleg grad. Det er lagt større vekt på dette frå 2012 då fylkeskommunen og fleire kommunar kom med delfinansiering.

Registreringane av kystlynghei i Rogaland er først og fremst utført av konsulentar på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Fagfolk med god kjennskap til kystlynghei har gjort registreringane, og vi har god oversikt over kvar dei viktigaste områda er. Avgrensingane i kartet er derimot ikkje nøyaktige nok.

Uttrekk frå Naturbase viser at det er kartlagt ca 330 km<sup>2</sup> kystlynghei i Rogaland. 240 km<sup>2</sup>, er verdisett som svært viktig (A), 50km<sup>2</sup> som viktig(B). Arealgrunnlaget bør justerast etter nærmare gjennomgang av grensene.

Relativt store delar av dei kartlagde områda er fuktheiar som ikkje er dominerte av lyng, men som likevel er kystlynghei i samsvar med handbok 13 og Fremstad: Vegetasjonstyper i Norge. Handbok 13 seier at kvar lokalitet skal bli gitt eintydig avgrensing på kart. Krav til nøyaktig avgrensing ved bruk av data til offentleg sakshandsaming er i handbok 13 føreslått til å vere 5-20 meter i LNF område og 50 – 100 meter i meir perifere område. Det er svært arbeidskrevjande å arbeida med så små feilmargar. Vi vil også peika på at kvalitetssikring av data krev kunnskap om bruk av GIS-verktøy.

Registreringane viser kartlagde kystlyngheilandskap der kystlynghei er viktigaste naturtype, men der det kan vera mindre innslag av andre naturtypar som naturbeitemark, kystmyr, beitemyr og eike- eller bjørkeskog/-hage. I ein del område er det gjort ei skjønsmessig vurdering av %-innslaget av andre naturtypar. Det kan vera variasjonar mellom konsulentane når det gjeld storleiken på innslag av andre naturtypar i polygona. Denne kartleggingsmåten forenkler både kartlegginga og forvaltninga, då mange av innslaga av andre naturtypar er beitepåverka og har godt av beiteskjøtsel. Myrane er ofte grunne, truleg beiteavhengige slik at det er rett å ha dei med i arealgrunnlaget for beiteskjøtsel. Tala omfattar store areal med vatn og bart fjell som enkelt kan trekkast ut for å få reelt beiteareal.

Våre analysar ved bruk av GIS- verkty har avdekka følgjande problemstillingar:

- **Registreringar av kystlynghei i område med gjødsla innmarksbeite**  
Det er kartlagt kystlynghei i område kor kommunane har gitt løyve til spreining av husdyrgjødsel på innmarksbeite. Det er grunn til å anta at desse områda ikkje vil falla inn under definisjonen til kystlynghei. Definisjonane av AR5 innmarksbeite og kystlynghei har overlapp. Det er nok at det er minst 50 % gras eller beitetålande artar på areal som kan godkjennast som innmarksbeite, samt at arealet ikkje kan haustast maskinelt. Det er difor ingen automatikk i at areal som er godkjend som innmarksbeite skal ut av registreringane, då det kan vera gras- og urterik kystlynghei eller naturbeitemark.
- **Registreringar av kystlynghei i område klassifisert som skog etter AR5**  
Analysar viser at 11 786 dekar klassifisert som skog etter AR5, arealressurs kjem inn i områda som er registrert som kystlynghei. AR 5- datasettet er lite oppdatert på skogområde, og det er stor variasjon i kvaliteten.. Truleg er arealet større. Også attgroande kystlyngheiar er med i kartlegginga dersom dei vart vurderte som i hovudsak intakte på kartleggingstidspunktet og realistiske å tilbakeføra om det vert innført rett skjøtsel. Vi har ikkje vurdert nærmare i kva grad slike areal som er vurderte som realistiske å tilbakeføra fell inn under skogdefinisjonen i AR5 Det er dessutan innslag av eikeskog i enkelte av kystlyngheipolygona. Desse bør vurderast som eigne polygon, seinast ved nykartlegging.
- **Registreringar av kystlynghei på fulldyrka areal**  
Einskilde stader er kystlyngheiområdet registrert på fulldyrka areal. Dette er openbare feil, og kartdata bør klippast mot AR5 fulldyrka- og overflatedyrka areal.
- **Overlapp av registreringar av A-område og B-område**  
Det er nokre dobbeltregistreringar i Naturbasen, m.a. ved at gamle avgrensingar ikkje er tekne ut ved nykartlegging. Einskilde stader er B-områda registrert på område som også er registrert som A-område. Slik overlapp vil gjera at same areal kan bli telt to gonger i statistikken. Dette vil bli retta opp.
- **Manglande oppdatering i område med attgroing**  
Einskilde av registreringane er gjort for mange år sidan. Manglande skjøtsel har gjort at areala har grodd til utan at status i naturbasen er blitt endra.
- **Regulering til andre formål etter plan og bygningslova**  
Det er gitt konsesjon til minst 80-100 km<sup>2</sup> kystlynghei med A-verdi til energiindustriområde. Desse områda må trekkast i arealgrunnlaget.

Det er grunn til å tru at dei større og mest verdifulle områda er kjende. Ein del areal bør gå ut, jfr. punkta over. Kystlynghei er ein sterkt trua naturtype der alle større, intakte område etter handboka skal kartleggast. Det er sannsynleg at ein del område ikkje er kjende eller ikkje er kartlagde ut frå prioritering og tidsbruk. Vi finn difor alt i alt ikkje grunn til å seia at Rogaland er ”overrepresentert” om ein med denne formuleringa i faggrunnlaget meiner at det er registrert for mykje kystlynghei ut frå kriteria i handbok 13.

Kartlegging av ein kulturmarkstype som kystlynghei vil vera eit samanhengande arbeid i tid. Det vil vera mogleg å gjera nytte av arbeid med skjøtelsplanar, tilskot og kontroll til oppdatering, men om det ikkje er saksbehandlarkapasitet, er det vedlikehald av datasettet som vil bli nedprioritert. Men det vil også vera ønskjeleg å ha ressursar til å oppdatere områda der det ikkje er tiltak for t.d. å ta ut

område der attgroinga er komen for langt eller er tekne i bruk til andre formål som energiindustriområde. Det er og eit behov for å gå gjennom verdisetjinga som bygger på m.a. innslag av raudlisteartar og skjøtselstilstanden. Raudlistestatusen for fleire aktuelle artar er endra i 2010, etter at dei fleste områda var verdisett. Skjøtselstilstanden i områda kan og ha endra seg, både til det betre og til det verre. Kriterium for verdiklassane er til vurdering ved revidering av Handbok 13 nett nå, og det vil vera ønskjeleg å gå gjennom verdisetjinga når revisjonen er ferdig. Det er i alle høve avgjerande å ha tilstrekkelige midlar til kommunevis gjennomgang av tidlegare kartleggingar med 5-10 års mellomrom. Dette blir særleg tydeleg for ein kultur- og skjøtelsavhengig naturtype som mange stader er i rask endring.

### **B.3.2 Kunnskapsinnhenting**

**Det trengst ny kunnskap om vegetasjonsøkologi, verknad av nitrogennedfall, tradisjonell bruk/utmarksslått og verknad av ulike beitereregime, særleg for dei store fuktheiane i Sør-Rogaland. Ein bør utvikla fjernmåling basert på multispektral-flybilete til overvåkings- og kartleggingsformål.**

Det trengs meir forskning på vegetasjonsøkologi, verknad ulike skjøtelsformer og N-nedfall, særleg når det gjeld sørlege fuktheiar. Dette bør kombinerast med å utforska tolkingspotensiale i digitale , høgoppløysede flyfoto (multispektralopptak med nær IR-band) i slike opne beitelandskap med tanke på å nytta omløpsfotograferinga og andre moderne flyfoto i overvaking av endringar i naturtypen. Etablering av fastruter med N-analyse i røsslynggreiner bør vurderast som ein del av dette (jfr, NINA-rapport567). Vi kjenner ikkje til forskingsmiljø i Rogaland som vil eller har kompetanse til å gripa tak i dette.

Overvaking av nedbørkjemi med særleg vekt på nitrogen, bør trappast opp i dei sterkast påverka, sørlege delane av landet, ikkje trappast ned slik det er gjort dei siste 20 åra. I denne samanhengen bør ein vurderast å ta opp att nedbørkjemimålingane på TOV-flata i Lund.

Det trengst meir kunnskap om tradisjonell bruk av sørlege fuktheiar, kombinasjon av slått og beiting, og verknad på vegetasjonsbiletet i dag. Eit ledd i dette kan vera avgrensa forsøk med utmarksslått i blåtoppdominert fukthei. Det er her av interesse å kartlegga verknaden for klokkesøte.

Det trengst og ei enklare, forvaltningsretta men systematisk registrering av beitetrykk og anna skjøtsel i ulike kystlyngheiområde der resultatet er vurdert som vellykka. Aktuelle tema er fordeling av dyreslag, beitesesong og produkt og verknad av ulike beitereregime/dyreslag på spreiring av sitkagran og anna attgroing. Det er og av interesse kva type produksjon og gardsbruk skjøtelsen er ein del av. Tre NLR-avdelingar i Rogaland er i gang med eit slikt arbeid.

### **B.3.3 Kulturlandskap som ein del av kulturpolitikk og kulturminnevern**

**Viktig materiell om vestnorske utvalde naturtypar må finnast på nynorsk, særleg viktig er publikumsretta informasjon, undervisningsmateriell og malar for skjøtelsplanar.**

For å betra kommunikasjonen og nå betre ut, bør faggrunnlag, forskrifter, malar for skjøtelsplanar og avtalar for kulturmakstypar der dei fleste førekomstane finst i dei fire Vestlandsfylka med nynorsk som tenestemål , utarbeidast på nynorsk. Dette gjeld så langt kystlynghei og haustingsskog. Fylkesmannen i Rogaland har levert utkast til nynorskversjon for avtale og skjøtelsplanmalar, desse er ikkje tatt i bruk og ikkje formidla vidare av DN. Vi viser til mållova og behov for ei heilskapleg tenkjing innan kulturvern/kulturlandskapsarbeid som omfattar økologiske kulturminne.



## B.4 Merknader til handlingsplanen

### B.4.1 Mål

**Fylkesmannen har ikkje særskilde merknader til målet om aktiv drift på 1/3 av områda innan 2017, men legg hovudvekta på å få dekkast mest mogleg i 4 utvalde område og sikra god nok kvalitet på skjøtselen.**

Om ein reknar 1/3 av arealet, vil det ut frå nåverande kartleggingar i Rogaland seia 80km<sup>2</sup>. Vår strategi i handlingsplanen er lagt fram i pkt. C1.6. Vi arbeider i utgangspunktet med 4 store A-område på til saman 58 km<sup>2</sup> og er så langt i gang med tiltak (inngjerding, skjøtselsplanar, skjøtsel) på om lag 16 km<sup>2</sup> av desse. Vi vil prioritera å koma vidare i desse områda og sikra kvaliteten her framfor å gå breiare ut i andre A-område og B-område. Søknader frå andre område må vurderast og prioriterast kvar for seg opp mot desse. Kvaliteten på kartleggingane bør bli betre før vi kan vurdere nærare om 1/3 av alle A-område er eit ønskeleg mål.

Det er vidare eit mål at det skal vera drift eller aktiv skjøtsel i eit utval av verneområde med kystlynghei. Dette målet seier svært lite og verkar svært defensivt. Vi har to større verneområde der kystlynghei er viktigaste verneformål (sjå pkt C.1.3) og har aktiv skjøtsel i heile kystlyngheiarealet i desse områda. Det trengst likevel betre skjøtselsplanar, overvaking og betre oppfyljing av kvaliteten på skjøtselen. Her skortar det først og fremst på saksbehandlar-/personressurs på miljøvernavingdelinga og i SNO.

### B.4.2 Kostnader og anna ressursbruk

**Fylkesmannen meiner statusen som utvald naturtype gjer at det er ønskeleg å auka arealet vesentleg i høve til dei areala som i dag får RMP og DN-tilskot. Det trengst derfor vesentleg auka rammer over desse ordningane. Tilskota bør gå til tilpassa drift av klart definerte areal ut frå kunnskapsbaserte skjøtselsplanar, ikkje tilskot pr dyr.**

Vi har ikkje gått nærare inn på tala i tab.1 på s 56, men viser til grove overslag for dei 4 utvalde områda over. Det blir under tab.1 vist til tilskot pr. sau, noko vi er kritiske til, då dette lett kan føra til overbeiting og fjernar fokuset på at eit meir allsidig beiter regime med fleire dyreslag i mange tilfelle vil ha ein betre økologisk verknad. Fylkesmannen ønskjer tilskotsordningar tufta på skjøtsel av areal i samsvar med kunnskapsbaserte skjøtselsplanar. Det er og viktig å tilby føreseielege økonomiske rammer over tid. Om ein ser RMP og DN-midlar samla, trengst det i Rogaland ei auka ramme for 2013 om vi får den auken i søknadsomfanget som vi ønskjer og legg opp til. Om ikkje dette skjer, kan ein bli tvinga til å redusera arealsatsen eller avvise gode søknader på post 82. Fylkesmannen ønskjer ei forenkling av søknadsrutinane og ei tett samordning med Regionalt Miljøprogram (RMP) for tilskot til skjøtsel av kulturmarkstypar, m.a. for å redusera det administrative arbeidet og å gjera det enklast råd for søkarane. Det store fleirtalet av søkarane på DN-midlar er og aktuelle for landbruksordningane. Ei samordning er ikkje til hinder for å fanga opp og prioritera brukarar som fell utanom landbruksordningane. Det er alt nå tydeleg når det gjeld kystlynghei at ein treng å redusera det administrative arbeidet med søknadene. Dette vil bli endå klarare når tilskotsordningane for slåttemark, hole eiker og haustingsskog blir meir kjende og naturbeitemark evt. kjem med. Dette er og heilt naudsynt for å kunna setja inn tilstrekkeleg innsats til rådgjeving, kontroll og overvaking av skjøtselsverknaden.

### B.4.3 Organisering

**Skjøtselsgruppene er eit veileigna forum i arbeidet med kystlynghei i fylket.**

Planen legg opp til å bruka skjøtselsgruppene som er etablerte m.a. i samanheng med slåttemarkplanen. Vår skjøtselsgruppe vart etablert under "Arvesølv"-prosjektet og har arbeidd med

kystlynghei frå 2009. Våre røymsler med dette er gode, men gruppa kunne truleg vore brukt meir aktivt om saksbehandlarane hos fylkesmannen hadde hatt tid, t. d. til denne høyringa.

Kommunane har vore positive til å ta på seg oppgåver med grunneigarkontakt, organisering av møte m.m. Vi har og gode erfaringar med å kjøpa tenester frå NLR til informasjon og organisering som til ein viss grad avlastar saksbehandlarane hos fylkesmannen.

#### **B.4.4 Referanseområda**

**Fylkesmannen etterlyser ei klarare vurdering av kva rolle referanseområda skal spela, m.a. dei to landskapsvernområda. Vi gjer framlegg om at Oгнаheia blir teken inn og at referanseområde sterkt prega av framande, invaderande artar blir tekne ut.**

Det er uklart kva funksjon referanseområda i faggrunnlaget er tiltenkt. Regelverket og tilskotsordningane gjeld ikkje i verna område, og vi går ut frå at UN-status bør føra til tilstrekkelege midlar til forvaltning av dei to landskapsvernområda med kystlynghei, sjølv om dei ikkje er referanseområde, Førland–Sletthei landskapsvernområde og Synesvarden landskapsvernområde. Berre sistnemnte er nemnt i faggrunnlaget. Referanseområda er aktuelle som prioriteringsgrunnlag for tilskotsarbeidet, då er ikkje verneområda som er med her aktuelle. Ut frå stoda i fylket, kva vindkraftkonsesjonar som er gitt, andre arealkonfliktar og skjøtselarbeid som er i gang, bør Oгнаheia inn som referanseområde.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2012 gjort ferdig ein handlingsplan mot framande artar. I tillegg til sitkagran er gyvel her vurdert som ein art som spreier seg raskt på skrinne jord og som på sikt kan trua verdifulle kystlyngheiar. Vi reagerer derfor klart negativt på at eit kystlyngheimråde på Lista, Einarsneset, er vald ut som referansområde sidan det her er store mengder gyvel som har spreidd seg frå ein planteskule. Det er etter vår vurdering ikkje noko argument at gyvel finst viltveksande i europeiske kystlyngheiar lenger sør. Denne arten kan hos oss bli eit liknande problem som ein annan gultblomstrandertebusk, gulltorn, er i lyngheiane på dei britiske øyane. Einarsneset som referanseområde for kystlynghei gir heilt feil signal om kulturlandskapsforvaltning.

## C. Situasjonen i Rogaland

### C.1.1 Bakgrunn, landskapsutvikling



Dei første kystlyngheiane i landet er dokumenterte ved pollenanalyse på Jæren og Lista. Her starta avskoginga alt midt i yngre steinalder for 7500 år sidan og auka i omfang frå om lag 6000 år sidan. I om lag 2000 år har kystlynghei vore dominerande i den vestre delen av fylket. Sør for Boknafjorden (Jæren og Dalane) var det store, skogsnaue areal samanhengande frå havet til fjells på grunn av beiting og brenning. Dette må ha vore det største samanhengande området med kystlynghei og boreal hei i landet med ein gradvis overgang frå snøfattig, mildt kystklima med vinterbeiting til kaldare, meir snørikt klima med meir vekt på hausting av vinterfôr /utmarksslått. Det har likevel vore lommar med skog nokre stader, mest eik og bjørk. Desse hovudtrekka i landskapet er omtalt av Amtmann de Fine i 1740.

Gjennom moderniseringa av jordbruket frå først på 1900-talet har det meste av dei lågareliggande og lausmasserike heiane blitt endra til fulldyrka areal og gjødsla kulturbeite. I same perioden har mange av dei mest avsidesliggande og minst beita heiane grodd til med skog, mest bjørk, og ein god del heiar er planta til med framande bartre. Praksisen med heibrenning har gått sterkt tilbake etter 2. verdskrig, men har halde seg nokre få stader i låglandet, og noko fleire stader i boreale heiar. Husdyrproduksjon har hatt ein avgjerande plass i landskapsutviklinga i fylket. Rogaland er i dag eit av Noregs fremste landbruksfylke med om lag 20 % av dei grovfôrbaserte dyreslaga og 30 % av kraftfôrkrevjande produksjonar. Her er 10 % av jordbruksarealet i landet og 30 % av innmarksbeitet. Strukturendingane i landbruket har skote fart, og resultatet er færre og større bruk og sentralisering av jordbruket.

Det er innan det vanlege husdyrhaldet med NRF og norsk kvit sau ei stor interesse for å nytta utmarksbeite, også til ein viss grad lågareliggande hei. I tillegg til dette har det seinare år vore ei auka interesse for særskilde rasar som utegangarsau og ekstensive kjøtferasar. Dette er hovudgrunnen til at det trass i dyrkings- og oppgjødslingspress og attgroing framleis er så store areal kystlynghei og liknande ugjødsla, lågareliggande beitelandskap i fylket. Det store og sterkt aukande husdyrtalet fører til at det er press for å få meir fulldyrka og gjødsla areal. Både fordi det er

behov for meir grovfôrareal og meir spreieareal for husdyrgjødsel. Vi vil understreka at biletet er samansett. Den store produksjonsauken gjeld fyrst og fremst Jær-regionen, medan situasjonen i andre delar av fylket er meir prega av stagnasjon, tilbakegang i storfehaldet, ekstensivering av beitebruket og attgroing.

### **C.1.2 Verdiar og regionale særtrekk**

Røsslyngdominerte heiar har truleg vore vanlegast ut mot kysten i vest, i område som nå hovudtrekk er omdisponert/endra. På Haugalandet og Rennesøy har desse heiane innslag av raudlistearten purpurlyng (nær trua), det største området finst på Sør-Karmøy. Lenger inn frå kysten der landet stig, er nedbøren høgare, og dreneringa er ofte dårleg på grunn av grunnlendt jord og aurhelle. Her dominerer fuktheiar, ofte med meir grasliknande artar enn lyngartar. Brenning, hard beiting, fuktig mark, tidlegare utmarksslått og nitrogenpåverknad er alle faktorar som kan føra til at heiane er dominerte av grasliknande artar. Delar av enkelte av dei største områda ligg så høgt at dei kan reknast som boreal hei med innslag av rypebær, stivstorr og dvergbjørk, her liknar vegetasjonen på heiane ein finn i låglandet nord for Stadt.

Fuktheiane i Sør-Rogaland er kjerneområdet i landet for raudlistearten klokkesøte (sårbar). Dei er elles rike på pors og kan ha små eikelundar i sørhellingane. Heiblåfjør, kystmyrklegg fagerperikum og skottlandsaugnetrøyst er karakteristiske innslag , av og til finst blodtopp og firtann. Fleire av dei større kystlyngheiane i fylket er viktige for hubro (sterkt trua). Andre raudlisteartar er grannjamne (sterkt trua), myrsildre (sårbar), purpurlyng (nær trua), brunskjene (nær trua), vortebitar (nær trua), bustsmyle (sårbar), bustsevaks (sterkt trua) og dverglin (sterkt trua). Fuglelivet elles er karakteristisk med heipiplerke, raudstilk, enkeltbekkasin, vipe, storspove, steinskvett, og songlerke (dei 4 siste nær trua). Elles finst det største rovfugltrekket som er dokumentert i landet gjennom det store heiområdet på bak-Jæren, det er uklart kva rolle naturtypen spelar. Lågareliggande, lausmassedekka, røsslyngdominerte tørrheiar er mest trua i fylket, medan det er noko meir att av grunnlendte fuktheiar, ofte høgareliggande.

Kystlyngheiane er viktige for sjølvkjensle og historieforståing for landsdelen. Jordbruk med lyngheibruk har vore ein hjørnestein rundt regionale og nasjonale maktsentra som Avaldsnes, Utstein, Hafrsfjord/Sola og Høye (Tinghaug/Krosshaug i Klepp). Dette økologiske kulturminnet har røter tilbake til det første jordbruket i landet. Dette landskapet knyter oss til andre nordsjøland der kontakten var omfattande for 1000 år sidan.

Fleire av dei større låglandsheiane har stor verdi for friluftsliv, m.a. for di dei er dei største samanhengande utmarksområda nær byar , og på denne måten er det næraste desse byane kjem bymarker. Natur-, landskap- og historieinnhaldet og kontakten med landbruket i for ein stor del støyfrie og inngrepsfrie område gjer friluftsopplevingane større og djupare og gjer at friluftsbuiken av slike område vil auka med denne kunnskapen. Mangelen på bymark er ein særleg stor for storbyområdet på Nord-Jæren, det tredje største og raskast veksande i landet. Fleire store kystlyngheiområde kan vera med å bøta på denne mangelen, sjølv om det største av desse er vedteke øydelagt av vindkraftutbygging.

### **C.1.3 Tidleg arbeid for å ta vare på kystlynghei**

Innanfor eit prosjekt om botaniske verneverdiar i fylket gjennomført av Økoforsk etter initiativ frå fylkesmannen, vart det laga ein eigen rapport om vern og skjøtsel av kysthei midt på 80-talet der fleire av dei større områda var registrert. To av desse vart verna som landskapsvernområde på 90-talet med kystlynghei som viktigaste verneformål, Førland–Sletthei landskapsvernområde og Synesvarden landskapsvernområde. Berre sistnemnte er nemnt i fagrundlaget. Dei viktigaste områda vart lagt inn i Fylkesedelplan for naturvern i 1992.

Kunnskapen om kystlynghei vart vidare styrka gjennom Nasjonal registrering av kulturlandskap og utarbeiding av forvaltningsplan for dei to viktigaste områda, begge delvis med kystlynghei på Rennesøy. Desse fekk seinare status som utvald kulturlandskap og kommunen har fått laga skjøtselsplanar og inngått avtalar med dei fleste brukarane (sjå C 1.5 s. 20). Dei siste ti åra er arbeidet for å ta vare på kystlynghei mest knytt til verkemiddel i landbruket, siste året supplert med tilskot frå DN. Dette er omtalt nedanfor.

### **C.1.4 Kva truar kystlynghei i dag**

#### **Attgroing**

Landbruket har vore, og er i ei tid med sterk bruksrasjonalisering. Tal driftseiningar går ned, og landbruksføretaka blir større. Tal fulldyrka areal er stabilt. Sauetalet har gått opp i alle regionane, medan tal storfe går ned. Færre kviger og ungdyr til å beite i utmarka er negativt. Tendensen er at beiteareala nær driftssenter er dei som først og fremst vert utnytta, medan utfordringane kjem i først i utmarka lengst unna. Problema med attgroing er å sjå i heile fylket med unnatak av Jæren. Sjølv om landbruket i Rogaland står sterkt ser vi utfordringane med å oppretthalde produksjonen både i sentrale strøk og ute i distrikta. Randområda med kystlynghei vil kunne skjøttast av det tradisjonelle landbruket der det er mosaikk mellom gode grasbeite og lynghei. Dyra vil gjennom å gå på gjødsla beite få god nok tilvekst til at det er økonomisk forsvarleg. Samstundes vil dyra gå ut i kystlyngheia og skjøtte den. Dei liker variasjon i fôret. Beitedyra vil også halda nede framveksten av kratt. For å få beitetilskott til utmarksbeiting er det i produksjonstilskott krav om gjerde mellom innmarksbeite og utmarksbeite. I Rogaland er det gjort unnatak for dette, jamfør ”Rogalandsmodellen” :

[http://fylkesmannen.no/Rogalandsmodellen\\_-\\_dyr\\_p%C3%A5\\_utmarksbeite\\_G001Y.pdf.file](http://fylkesmannen.no/Rogalandsmodellen_-_dyr_p%C3%A5_utmarksbeite_G001Y.pdf.file).

Vi meiner krav om gjerde mellom innmark og utmark vil kunne verke uheldig også for kystlyngheia Lyngområde som ligg meir perifert må som oftast bli gjerda inne, og beita med ekstensive rasar for å bli skjøtta. Forsvarleg økonomi i eit slikt driftsopplegg vil enten vera avhengig av tilskott eller høg meirpris for produkta i marknaden. Det krev også interesserte drivarar. Det er svært viktig dyra får tilstrekkelig tilsyn, og at drifta elles er forsvarleg ut i frå omsyn til dyrevern. Dette kan vera ei utfordring på dei områda som ligg lengst unna driftssenteret på gardane.

#### **Vindkraftutbygging**

Det meste av vindkraftplanlegginga har skjedd ved at vindkraftplanleggarane har gått inn i kystnære, vindrike, opne område med lite busetjing, hytter og intensiv landbruksaktivitet og gjort avtalar med grunneigarane som økonomisk er vesentleg gunstigare enn utmarksbeiting. Dette har i høg grad vist seg å vera dei større kystlyngheiområda i fylket. Desse områda omfattar og dei få inngrepsfrie områda som er att i låglandet og har andre miljøverdiar knytt til lite forstyrra låglandsnatur. Gjennom ei planmessig tilnærming gjennom Fylkesdelplan for vindkraft var det likevel tidleg plukka ut store eigna areal med vesentleg mindre konflikt. Utbyggerane har likevel så langt i hovudtrekk fått støtte frå sentrale konsesjonsstyresmakter til å gjennomføra sine førsteval med lite vekt på dei dokumenterte naturverdiane, m.a. den sterkt trua naturtypen kystlynghei. Energiutbyggingar har sett eit sterkt preg på Rogaland både gjennom kraftutbygging i det meste av fjellheimen, store oljerelaterte utbyggingar i låglandet, og nå med vindkraftverk. I FDP Vindkraft er det lagt til rette for vidare vindkraftutbygging av eit ganske stort omfang utanom område med så store konfliktrar. Det ser i høgste grad ut til at UN-status for kystlynghei trengst for å styra/påverka arealbruken ved vidare vindkraftutbygging.

#### **Skogplanting**

Skogplanting er historisk også ein grunn til at kystlyngheiarealet har blitt redusert og oppstykket. Dels direkte gjennom tilplanting, dels indirekte gjennom spreiding av frø som gir naturleg forynging, og ved å gjera brenning vanskelegare. Skogbruket har sidan standard om ”Levende skog” blei innført i 1998 hatt reglar for at skogreising ikkje skal skje på open røsslynghei. Det er skogeigar sitt

ansvar å syta for at den som utfører arbeid i skogen får relevant informasjon om kjend miljøverdi på sin eigedom. Krava gjeld på eigedomsnivå så fram ikkje anna er oppgitt.

### **Oppgjødsling**

Det er stor interesse i Rogaland for å gjødsle opp nye areal. Økonomien i landbruket er pressa. Bonden står ofte framfor eit val om å satsa og auka produksjonen sin, eller leggja ned. Dei stadene bonden ønskjer å utvida produksjonen sin vil det kunna bli konflikt med prioriterte naturtypar. Mange har dessutan for lite spreieareal for husdyrgjødsel på eiga mark. Det er forbod mot å spreia naturgjødsel i utmark og elles utanom godkjend spreieareal ut frå gjødselvareforskrifta. Fylkesmannen peika alt ved innføringa av spreiearealkravet på det presset dette ville føra til på viktige naturverdiar i fylket. Det er ikkje tydeleg heimel i lovverket til å nekta uønska oppgjødsling av utmark med mineralgjødsel eller kalking. Bruk av mineralgjødsel i utmark kan takast indirekte gjennom forskrift om produksjonstilskott, men då er reaksjon avhengig av at det er omsøkt produksjonstilskott. Slik oppgjødsling endrar det biologiske mangfaldet på bakken fullstendig, i om lag same grad som blautgjødselspreiing, men landskapsverknaden i steinete terreng og vegetasjonsendringa på steinane er noko mindre. Dette er ein av hovudgrunnane for at arealet med kystlynghei går ned og blir oppstykkka, og det er i høg grad dei mest produktive og økologisk viktigaste delane av kystlyngheia som blir oppgjødsla. Kommunen finn i mange tilfelle ikkje tilstrekkeleg grunn for ikkje å godkjenna slike areal som spreieareal. Dette har derfor etablert seg som ein praksis, den såkalla "totrinnsmodellen" for å få utvida spreiearealet. Fylkesmannen har sendt brev i 2011 til kommunane om at oppgjødsling av kartlagte, verdifulle naturtypar med mineralgjødsel kan vera grunnlag for trekk i produksjonstilskott. Vi har ikkje informasjon om i kva omfang slik oppgjødsling framleis skjer, eller i kva grad kommunane reagerer med trekk i produksjonstilskott. Om dette trekket er tidsavgrensa, kan det og tenkjast at brukarar vil sjå på det som ei naudsynt utgift for å utvida produksjonsgrunnlaget. Dette regelverket blir karakterisert som "molbureglar" og dels aktivt trassa av brukarar som elles ønskjer å halda seg innanfor regelverket og er opptekne av kulturlandskapskjøtsel.

### **Nydyrking**

Det er stor interesse i Rogaland for nydyrking. Dette kan vera viktig for den enkelte brukaren for å auke ressursgrunnlaget sitt. Det er i dei husdyrtette områda interessa for nydyrking er størst. Eit eventuelt dyrkingsforbod av myr ut frå klimagrunnar (som vi stør) vil auka presset på nydyrking i kystlynghei.


### **Nitrogennedfall**

Faggrunnlaget nemner med rette faren for gjødselverknad direkte og indirekte for heiane, særleg i Sør-Rogaland. Tålegrensa for kystlynghei er sett til 1000-2000 mg N/m<sup>2</sup>/år (NINA-rapport 567). Dei noko høgare grenseområda mellom Time, Gjesdal, Hå og Bjerkreim (Bak-Jæren) ser ut til å ha dei høgaste verdiane i landet saman med tilgrensande delar av Vest-Agder for totalt N-nedfall i perioden 2002-2006 med 1600-1800 mg N pr. m<sup>2</sup>-år. Når det gjeld våtavsetningar har dette området aleine høgast verdi. Desse tala inneheld ikkje korreksjonar for lokale/regionale bidrag frå jordbruk og trafikk. Stasjonsnettet målingane bygger på er svært sparsamt i sørvest og har blitt redusert i denne perioden ved at Skreå har falle ut. Det er nå ingen stasjonar mellom Søgne/Birkenes og Karmøy/Vikedal. TOV-flata i Lund, like ved Førland-Sletthei landskapsvernområde hadde nedbørkjemiske målingar nokre åttidleg på 90-talet, men desse vart lagt ned. Skjøtsel, med brenning og beiting av storfe og sau er teke opp her frå 2006, men verknaden er for dårleg dokumentert. Ein kan likevel slå fast god gjenvekst av røsslyng der det var røsslyngdominert tørrhei før brenning. Den sterkt trua arten grannjamne, tidlegare kjend frå lyngheiar i Rogaland, vart i haust funnen her for fyrste gong i fylket på 50 år. Det trengst både vitskapleg og enkel, forvaltningsretta metodikk for å overvaka tilstanden i høve til N-påverknad og kjøtsel av desse områda og ressursar til å setja i gang slik overvaking.

## C.1.5 Bruk av jordbruksavtalemidlar i skjøtsel av kystlynghei

### Regionalt miljøprogram


Kystlynghei har heilt sidan Regionalt miljøprogram, RMP blei innført i 2005 vore prioritert i Rogaland. Landbruket kan vera ein kostnadseffektiv vedlikehaldar av naturverdiar, og våre erfaringar med å bruka RMP er gode. Det er ikkje skilt mellom naturbeitemark og kystlynghei i vår tilskottsordning. I samband med RMP er det oppretta eigen kartportal for å gjera synleg kva område det kan søkjast tilskott til. For å ha krav på tilskott må føretaka ha godkjend skjøtelsplan.




Figur 1. Kartportal for Regionalt miljøprogram i Rogaland. Det er krav om at areal som blir omsøkt støtte til kystlynghei skal vere registrerte. På Temakart Rogaland – Regionalt miljøprogram [www.temakart-rogaland.no/rmp](http://www.temakart-rogaland.no/rmp) kan kommunane og føretaka sjå kva områder det er mogleg å søkje tilskott til.

Figur 2. og figur 3. viser at ein auke i både tal føretak som aktivt skjøttar naturbeitemark/kystlynghei og tal dekar i aktiv skjøtsel. Vi har hatt egne kontrollar av søknadane om tilskott til kystlynghei, og våre erfaringar er i hovudtrekk gode. Kontrollane har vist at ordninga fungerer etter formålet. Ordninga har skapt nyttige møtepunkt mellom brukar og forvaltning, og har gjensidig auka kunnskapsnivået. Det mest negative vi har sett i kontroll var eit tilfelle av uønska beitepress grunna høgt dyretal på eit avgrensa areal om hausten. Her kan feil praktisering av produksjonstilskott til dyr på beite vere negativt.

Tilskott til kystlynghei gitt per dekar har virka motiverande for å få kartlagt nye areal. Det har også gitt større kunnskap om kystlynghei i kommunane si landbruksforvaltning. Vi tilrår at RMP i størst mogleg grad blir brukt som verktøy for å skjotta kystlyngheia. Midlar frå RMP kan berre bli gitt til føretak som har krav på produksjonstilskott, og Rogaland bondelag og Rogaland Bonde- og Småbrukarlaget er med og formår virkemiddelbruken. Gjennom å bruka RMP sikrar vi at det er aktive bønder som skjøttar lyngheia.



Figur 2. Stadig fleire føretak søker støtte til skjøtsel av kystlynghei og naturbeitemark gjennom Regionalt miljøprogram.




Figur 3. Tal dekar kystlynghei og naturbeitemark som er i aktiv skjøtsel er aukande for områda klassifisert som A. Areal verdsatt som særlig verdifullt er held seg stabilt, medan areal med verdi B har gått ned frå 2009 til 2011.

### Spesielle miljøtiltak i landbruket, SMIL

SMIL-ordninga er eit investeringstilskot i landbruket. Ordninga har blant anna som formål å støtte ekstra innsats for å ivareta biologisk mangfald i jordbrukets kulturlandskap. Bruken av midlane vert styrt av 4-årige SMIL-strategiar som kvar kommune har utarbeidd innanfor ramma av SMIL-forskrifta. Rogaland løyvde i årleg snitt (2010 og 2011) ca 11,1 millionar til SMIL-tiltak. Om lag 28% av desse midlane, dvs 2,6 millioner årleg, vert løyvd til tiltak innan biologisk mangfald og gamal kulturmark. For å auka målrettinga på bruken av SMIL-midlar vert kommunar som jobba aktivt for å stimulera til tiltak innan verdifulle kulturlandskapsområde, prioritert. Fylkesmannen i Rogaland si erfaring er at miljøgevinsten sett i forhold til dei investeringane som er gjort, er størst i dei tilfella tiltaket gjeld fleire eigedomar. Fylkesmannen prioriterte difor i særleg grad, tiltak som gjeld større område og som gjerne strekkjer seg over fleire eigedomar.





### Utvalde kulturlandskap

Rennesøy kommune i Rogaland har i mange år arbeidd med å kartleggja biologisk mangfald og laga heilskapelege planar for forvaltning av fleire område i kommunen. Sekretariatet for ”Utvalgte kulturlandskap,” (DN, RA og SLF) i 2008 utfordra Fylkesmennene om å finna område i fylka med (aktiv) landbruksdrift i spesielle og særprega kulturlandskap med lang kulturhistorie. Tre område nær einannan i Rennesøy kommune innfridde krava. Dei tre områda har ei samla flate på ca 9500 dekar derav 3740 dekar kystlynghei, naturbeitemark og anna areal med høgt biologisk mangfald. Dei tre områda vart utvald i 2008. Hausten 2011 låg områda inne som ei omsynssone i den vedtekne kommuneplanen for Rennesøy kommune. På bakgrunn av god dokumentasjon av biologisk mangfald, kulturminne, drift og lokale forhold vert det sett opp skjøtselsplanar for kvar grunneigar innanfor planområdet. Den økonomiske kompensasjonen grunneigarar vart tilbydd opna for ein positiv prosess vidare. I lag med fagfolk vert det rekna ut ein økonomisk driftskompensasjon for å redusert/inga gjødsling på dei mest verdifulle areala (inkl. gjødslingsfrie kantsoner). Satsane pr dekar vart vurdert ut frå kva markslag areala hadde, kor mykje dei hadde å seia for bonden og kva biologiske verdiar areala hadde.

	Gjødsling	Verdi-status	Sats pr daa	Kart
Fulldyrka	Vanlig gjødsling	Normal	20	
Beite	Vanlig gjødsling	Normal	20	
Beite	Minimal gjødsling	Middels	150	
Beite (kantsoner)	Ikkje gjødsel	Middels	200	
Beite	Ikkje gjødsel	Høg	250	
Beite	Ikkje gjødsel	Meget høg	400	
Kystlynghei	Ikkje gjødsel	Verdifull	30	

Tabell og kart: Døme på grunnlag for utrekning av kompensasjon for endra/reduisert drift.

Grunneigarane fekk òg høve til å søkja på tilskot til konkrete skjøtselstiltak som vert sett opp i skjøtelsplanen (rydding av einer, reparasjon av steingardar mvv...). Tilskot vert løyvd frå dei resterande midlane innan Utvalde kulturlandskap og gjennom SMIL-ordninga. Kommunen har utfordringar knytt til einskilde grunneigarar men jamt over har satsinga så langt, vore positiv. Aktivt (riktig) bruk av områda med ei føreseieleg lønnsemd og ein gjensidig forpliktande avtale mellom grunneigar og forvaltning ligg til grunn for at kommunen òg kan stille krav til at skjøtselstiltak vert utført. Prosessen er eit døme på at eit tett, ope og godt samarbeid og samhandling mellom grunneigarar, kommune, fylkesmann (landbruk og miljø), fylkeskommune og fagrådsgjevarar innan kvar deira fagfelt og ansvarsområde. I løpet av 2011 og 2012 har ytterligere 2 grunneigarar (som tidlegare var imot satsinga) inngått avtale om skjøtsel. For å oppnå måla som er sett må ein følgja skjøtelsplanane og registrera i felt om bruken av areala er etter intensjonen. Den faglege oppfølginga av skjøtelsplanane er ei reell uavklart utfordring som krev økonomiske og personalmessige ressursar framover.

### *Produksjonstilskott*

Det blir gitt tilskott til dyr på utmarksbeite, og tilskott til innmarksbeite

### *Arvesølvprosjektet, betre skjøtelsplanar, kommunane si rolle*

Fylkesmannen tok i 2009 initiativ til eit prosjekt for å utvikla betre skjøtelsplanar og for å informera om tilskotsordningane innan kulturlandskapet og utvida bruken av desse. Kystlynghei og naturbeitemark var prioriterte naturtypar i prosjektet som var finansiert av landbruksmidlar og midlar frå DN og fylkeskommunen. Det vart oppretta ei skjøtelsgruppe leia av fylkesmannen med representantar frå kommunar, landbruks- og miljøvernorganisasjonar og landbruksrådgjevinga, sistnemnte har utarbeidd skjøtelsplanar. Etter kvart vart denne gruppa teken i bruk i arbeidet med handlingsplanar/utvalde naturtypar innan kulturlandskapet.

Kommunane sin innsats er heilt avgjerande for å nå nasjonale mål innan kulturlandskap. Sjølv om det vert gjort ein heiderleg og god arbeidsinnsats i kommunal sektor, er mange kommunar hardt pressa på eit breitt arbeidsfelt. Mange kommunar må derfor prioritera kva dei i realiteten har kapasitet til, og prioritera det dei vurderer som deira viktigaste arbeidsoppgåver. Difor er det naudsynt å leggja gode heilskapelege føringar for at oppgåver som skal utførast får dei naudsynte ressursane som skal til for ei god gjennomføring. Satsinga på utvalde kulturlandskap i Rogaland viser likevel at dersom forvaltninga på kommunalt og fylkesnivå får til eit tett, ope og godt samarbeid, kan mykje gjerast.

## **C.1.6 DN-tilskotsordning, prioritering av område, midlar i 2011 og 2012, potensielt omfang.**

Då den nye tilskotsordninga frå DN for utvalde naturtypar vart sett i verk, vart det vurdert grundig korleis dette kunne få best mogleg verknad og representera eit sprang i kulturlandskapsarbeidet. Vi ville unngå at ressursbruken vart spreidd og tilfeldig og såg behovet for å i gang tiltak i store, samanhengande område der det så langt hadde skjedd lite. Vi hadde tidlegare positive erfaringar i RMP med å tilby ein høgare sats for tilpassa drift (ugjødsla beiting i samsvar med skjøtelsplan) i dei viktigaste områda i Nasjonal registrering (Rennesøy) og to verneområde med kystlynghei (Lund og Time) (kode 762 i diagramma over). Det vart derfor i samråd med skjøtelsgruppa definert kriterium for å velja ut 4 område der vi gjennom ein vesentleg høgare arealsats for tilpassa drift (ugjødsla beiting i samsvar med skjøtelsplan) ønska å leggja hovudsatsinga på frivillige avtalar. Modellen vart lagt fram og drøfta på eit dagseminar i Stavanger der DN og så var til stades.

**Tabell 1. Areal og markslag frå AR5 i dei fire utvalde kystlyngheimråda, to av dei med to delområde. Teljande beiteareal er summen av open fastmark og myr. Bart fjell og ope vatn er ein vesentleg del av totalarealet i nokre område.**

	totalareal	Open fastmark	Myr	Teljande beiteareal	Skog
Sør-Karmøy-sør/vest	5 771	4 271	634	4 905	0
Sør-Karmøy-Nord (1)	7 945	6 384	518	6 902	11
Søre Eigerøy (3)	7 942	6 433	234	6 667	15
Sokndal-sør (4)	8 364	4 097	14	4 111	119
Ognaheia sør (2)	14 187	9 499	844	10 343	98
Ognaheia nord (2)	14 187	9 626	906	10 532	261
Sum	58 396	40 310	3 150	43 460	504

Om alle desse områda kom fullt og heilt inn i ordninga med ein tilskotssats på til saman 100 kr pr da over MD-budsjett og Regionalt miljøprogram, ville det utgjera ei årleg utgift på om lag 4,35 mill med ei fordeling med 1,74 mill på RMP og 2,69 mill over MD-budsjettet. Både midlar til kystlynghei og klokkesøte er aktuelle her. Det er svært vanskeleg å vurdera kor stor del av arealet det er realistisk å få i organisert skjøtsel dei første åra. For søknadsrunden for 2012 er det kome i gang tiltak (inngjerding, skjøtelsplanlegging, noko tilskot til tilpassa drift) i alle dei fire hovudområda på om lag 16 km<sup>2</sup>.

Med helsing

Per Kristian Austbø  
Ass. fylkesmiljøvernsljef

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Audun Steinnes, Monica Dahlmo, Nono Dimby  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 12  
E-post: audun.steinnes@fmro.no